

Nytt flott ungdomstilbod!

12.06.2017



Styret i DNT Ung Kvinnherad.

Nyleg har Kvinnherad turlag fått oppretta ungdomsgruppe, DNT UNG. Dette vert heilt sikkert eit veldig kjekt ungdomstilbod i den vakre kommunen vår. På bildet over ser de styret for det nyopprettet tilbodet. Solveig Haugland (f.v.), Synne Helleland, Sunniva Myklebust, Ingrid Marie Hereid, Jenny Skaale, Magnus Eide, Anine Enes og Veslemøy Haugland.



DNT Ung hadde stand på Aktivitetsdagen laurdag.

Som de ser er det 4 uskedelingar i styret som elles har god fordeling rundt i kommunen vår. Eg er sikker på at dei som engasjerer seg i dette nye tilbodet, vil få mykje glede av det. Dei har også oppretta eiga facebook-side som de finn ved å søkja på DNT Ung Kvinnherad

På Aktivitetsdagen laurdag hadde dei stand der dei mellom anna hadde ein kjekk konkurranse som gjekk på å setja opp og rydda saman stormkjøkken på kortast mogeleg tid. Eg spurde om dei kunne senda litt informasjon om DNT Ung Kvinnherad, og allereie kvelden etter kom den flotte meldinga som eg gjengjev nedanfor:

**DNT ung er ei nyoppstarta turgruppe for turinteresserte ungdomar i Kvinnherad. Målet med gruppa er å få til kjekke og varierte turar for ungdom i alderen 16-26 år. Vi ønskjer å tilby turar av fleire vanskegrader, og på denne måten få flest mogleg med oss ut på tur.**

Det er nok mange som synest det er vanskelig å leggje ut på tur på eiga hand. Ungdomsturgruppa ønskjer difor å skapa turar der ein får utfordre seg med nye opplevingar, og samstundes vere ein del av ei sosial gruppe. Vi som bur i Kvinnherad lever jo i ein stor leikepark, med fjell, fjord og bre. Det er alltid mogleg å utforske, og finne nye mål.

Vi er heldige og har med oss Mari Teigen Varanes som rådgjevar. Ho har teke initiativ til å samla eit styre. For å få lov til å ta med oss andre ungdomar på tur, må vi i styret ta ei turleiarutdanning i DNT. Dermed har vi ikkje fått planlagt så mange turar, men vi har mange idear. Mellom anna: Hytteturar, kajakkturar, klatring, breturar og turmatkurs. Turane som vert planlagt vert lagt ut på Facebook sida til DNT ung Kvinnherad. Dermed håpar vi å nå flest mogleg ungdomar.

Vi i styret ser fram til å starta med å arrangera turar, og håpar at tilbodet vekkjer eit miljø av friluftsinteresserte ungdomar.

Tekst: Solveig Haugland

Foto: DNT Ung Kvinnherad og Thor Inge Døssland

Nett: Thor Inge Døssland